



DET KGL. NORSKE
VIDENSKABERS
SELSKAB

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab

The Royal Norwegian Society of Sciences and Letters

Det Kgl. Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Trondheim, 5. oktober 2011

Deres ref.: 201102591


Høyringsfråsegn frå Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS) om NOU 2011: 6. Et åpnere forskningssystem.

DKNVS viser til utreiinga, gjeven 2. mai 2011. Selskabet meiner sett under eitt at utreiinga på mange punkt får fram viktige forhold som har med vurderinga av tilstanden i norsk forskning å gjera. DKNVS deler såleis t. d. kritiske synspunkt på måling av innsats, resultat og effektar som er lagde fram i kapittel 4: "Måling med mening". Men framlegget i kap. 4.3.1 om å utvikla eit eige nytt norsk forskingsbarometer (s. 100) er Selskabet skeptisk til. Vil eit slikt framlegg verkeleg gi auka presisjon og eit meir robust grunnlag for måling av effektivitet, er det all grunn til å stilla spørsmål om.

For eit vitenskapleg akademi som DKNVS med føremålsparagraf om å "Fremme og formidle vitenskapen" er det i ein samanheng som denne likevel mest naturleg å leggja vekt på det som er sagt om fri forskning og då gi høyringskommentarar hovudsakleg til kapittel 7 i utreiinga: "Hensynet til langsiktig kunnskapsmessig beredskap, fornyelse og mangfold." Her vil DKNVS særleg understreka det som er sagt i kapittel 7.2 om forholdet mellom tematisk og fri forskning og vurderingane av dette i kapittel 7.4. Selskabet vil sterkt stø framlegget om å etablere ein stor, fri arena i Forskningsrådet – "Åpen konkurransearena", skissert i kapittel 7.4.1. Dette for å bidra til "at ubalansen mellom tematisk styrt og fri forskning i det norske systemet rettes opp og at hensynet til langsiktig kunnskapsberedskap og fornyelse dermed styrkes" (NOU 6: 2011, s. 138). DKNVS kan her underbyggja behova for frie forskingsmidlar som er påpeika i utgreiinga, med røynsler frå tildeling av eigne [rett nok heller avgrensa] midlar til slik forskning: I 2011 kunne Selskabet lysa ut NOK 500.000 til frie forskingsprosjekt. Det kom inn 56 gode og velgrunna søknader for i alt ca. NOK 25.000.000 til denne utlysinga. Det vil seia om lag 50 gonger det utlyste beløpet. Det dokumenterer ein skrikande mangel på frie forskingsmidlar og understrekar med reine tal eit enormt behov for auka innsats på dette området. DKNVS vil difor så sterkt det kan, stø framlegget frå NOU: 6 2011 om ein open konkurransearena og deltar gjerne i forskingspolitiske diskusjonar om utforminga av eit slikt tiltak.

Jamvel om norske vitenskaplege akademi berre i liten grad er omhandla i NOU 2011: 6 (jf. s. 45 og 105), kan det i ein samanheng som denne vera grunn til å minna om at også desse, DKNVS irekna, er ein del av det norske forskningssystemet og kan vera tenlege arenaer for forskingspolitisk ordskifte. Med alle sine utanlandske medlemmer og faglege kontaktar kan dei vitenskaplege academia òg vera tenlege i arbeidet med å fremja den internasjonalisering det er uttrykt så sterkt ønske om å styrkja i NOU 2011: 6.

For Styret i Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab


Kristian Overskaug
Generalsekretær

Postadresse: Postuttak, 7491 Trondheim. Besøksadresse: Erling Skakkes gt. 47C

Telefon 73 59 21 57 - Telefax 73 59 58 95, e-post: post@dknvs.no <http://www.dknvs.no> <http://www.dknvsjubileum2010.no>

Organisasjonsnr. 962 050 891 (Stiftelsen), Organisasjonsnr.: 976 065 751 (Akademiet)